

Inspirerande rulleskisamling.

26.10.2016



Amund og Pål Ingmar saman med Ragnhild Femsteinvik.

Onsdag kveld inviterte Dimmelsvik Bil AS til rulleskisamling for born med den dyktige skiskyttarjenta Ragnhild Femsteinvik. Heile 30 unge langrennsløparar frå heile kommunen møtte opp for å henta tips og inspirasjon frå den lovande førsteårssenioren frå Hatlestrand, med mor frå Herøysundet.



Sigri vart også inspirert av Ragnhild.

Regnet som starta akkurat i forkant av treningsøkta, la slett ikkje nokon dempar på økta. Deltakarane svara eit rungande JA på spørsmålet om det hadde vore gøy då dei vart samla inne i bilhallen etter treningsrundane ute på den nylagde asfalten. Etter treninga var det bollar og saft til borna, medan det var kaffi til dei vaksne.

Då bollane var fortære, var borna samla på golvet, og dei fekk muligheter til å stilla spørsmål til Ragnhild som allereie har opplevd både VM-deltaking som junior og NM-tittel som senior. Spørsmåla var mange og varierte, og det var slett ikkje berre om skiskyting, langrenn og treningstips. Rett nok var dei første spørsmålet om kor mange renn ho hadde vunne. Det hadde ho ikkje tal på, men fortalte at ho vann ofte då ho var liten, men no vann ho ikkje så ofte lenger. Dei fekk også vita at ho trente 15-20 timer i veka, og ho fortalte også korleis innhaldet i treningsveka var i grove trekk.

Dei fekk dessutan vita at ho byrja å gå på ski i 3 årsalderen og å skyta då ho var 7 år.

Ein ville vita om ho hadde spelt fotball. Det hadde ho. Ho sluttar med fotball i 8.klasse, fortalte ho, og la til at ho hadde vore innom forskjellige idrettar då ho var yngre. På spørsmål om kva fotballag ho heia på, var Brann eit kjapt svar.

Då ho fortalte at turar var ein del av treninga hennar, var det ein som stilte det naturlege spørsmålet om ho hadde vore på Ulvanåso. Det hadde den spreke jenta.

- Har du ei søster? spurde ein av gutane, og vi registrerte at fleire var fornøgde med svaret då ho fortalte at ho hadde ei søster på 12 år. Elles ville dei vita kva ho ønskte seg til jul, og om ho likte kylling og taco og svært mykje anna. Vi kan trygt seia at spørsmåla sat laust, og at Ragnhild svarte roleg og godt

Vi fekk vita at ho allereie hadde vore på snø denne sesongen då ho hadde vore i Sverige i snøtunnel. Ganske snart ventar nye snøøkter, då på Geilo. Det var stas å stilla spørsmål til ei så kjend skiskyttarjente. Neste gong dei fleste ser ho, er det sikkert i spennande skiskyttarkonkurransar på TV-skjermen, - eller kanskje det vert i Jularennet på Korlevoll 2.juledag der ho skal delta. Etter spørsmålsøkta var det mange som sikra seg autografen.

Bakgrunnen for det flotte og inspirerande tilbodet, var at Ragnhild siste året har hatt ein gunstig leasingavtale på

ein Toyota Auris frå Dimmelsvik Bil AS.



Dei 30 deltagarane samla rundt skiskyttalentet frå Hatlestrand.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.